

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: HQI3UQ

Registrert dato: 14.02.2022 10:46:44

<b>Innleiing</b>	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
<b>Opplysningsar om innsendaren</b>	
Førenamn	
Sigve	
Etternamn	
Eldøy	
Adresse	
Lyngnesvegen 6	
Postnummer 5917	Poststad ROSSLAND
Telefon	
E-post	

<b>Høyringsuttale</b>	
Høyringsuttale	
Velj høyringsuttale:	
<input checked="" type="radio"/> Kommuneplanen sin samfunnsdel	
Uttale	
Hei	
Synes planen er bra med mykje fokus på bærekraft og det grøne skiftet.	
Mange av orda i planen byggjer opp under dette som at:	
<ul style="list-style-type: none"><li>- "kommuneplanen vår er tufta på FN sine mål om berekraftig utvikling", -</li><li>- "vi skal sikre miljømessig berekraft ved å ta vare på miljøet og naturen rundt oss",</li><li>- "bruke areala våre på ein bevisst måte og verne om naturressursane",</li><li>- "Gjere greie for dei største utsleppskjeldene i regionen, og korleis vi skal vere pådrivar for å redusere desse.."</li><li>- "Nordhordland er eit biosfæreområde"</li><li>- "Sikre naturmangfald"</li></ul>	
1. Planen bør være tydeligare med tanke på satsinga på akvakultur. Dette kan fort bli ei stor næring i planperioden og generere mange arbeidsplasser i kommunen. Tenker her på tang og tareproduksjon, sjømat som skjel og kreps, og ikkje minst muligheten for utvikling av nye medisiner, feks frå molekyler som har antibakteriell aktivitet ,og som derved har eigenskaper som kan utviklast og ha kommersiell verdi i framtida. (som eit alternativ til antibiotika).	
2. Planen har mykje bra om utslepp, men då mest på land og i lufta. Her må kommunen skriva meir om ambisjoner og utfordringane om det som befinner seg under vatn og i fjordane våre. Utan at eg har rekna på det utgjer dette eit	

betydeleg areal og volum i Alver kommune.

3. Planen bør være tydelig på å ikkje legge tilrette for, eller godkjenne oppdrett av laks og aure i opne anlegg. Den bør ha eit tydeleg mål at eksisterande anlegg må avviklast og drivast på ein måte som er i henhold til punkta om bærekraft, og ambisjonar om å ta vare på naturressursene og miljøet.

For at planen skal ha truverd, meiner eg det vil vere vanskeleg å utelukka dei tre punkta eg har nemnd, tatt i betrakting ovannemnde og følgjande avsnitt i samfunnssdelen:

"Vi er eit biosfæreområde. Statusen er både ei anerkjening og eit ansvar. Med statusen har vi forplikta oss til å utvikle kommunen vår på ein bærekraftig måte. Når vi set mål for framtida, må vi ta gode val, som sikrar at også komande generasjonar får nytte og glede av naturen og ressursane våre".